



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunenesenteret Frekhaug er under 1/2 time. For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Rektor Vestbygd skule - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Rektor ved Vestbygd skule går inn i rådmannen si leiargruppe som ein av 13 tenesteområdeleiara. Kommunen har eit godt rektorkollegium som arbeider utviklingsorientert og som er ein støtte for kvarandre. Kommunen deltek i KS sitt utviklingsprogram "Den gode skule- og barnehageeiðar" med mål om å betre styringsdialogen mellom dei ulike nivåa i kommunen.

Meland kommune er elles i samanslåingsprosess med nabokommunane Lindås og Radøy, og Alver kommune skal vere etablert frå 01.01.2020.

### Arbeidsplass

Vestbygd skule er ein barneskule (1.-7.) som ligg om lag 6 km frå Frekhaug i Meland kommune.

Skulen ligg fint til i Holmemarka med eit flott uteareal og kort veg til ulike naturområde.

Det er for tida 200 elevar ved skulen og totalt 39 tilsette i skule og SFO.

Vestbygd skule har deltatt aktivt i kommunen sine prioriterte område dei siste åra: Betre Læringsmiljø, lesing og realfagsatsing. Meland kommune er realfagskommune også i 2018.

Skulen har eit godt arbeidsmiljø med god delingskultur og omsorg for kvarandre.

### Arbeidsoppgåver

Leiing og administrasjon med pedagogisk ansvar, i tillegg til ansvar for økonomi og personale.

### Kvalifikasjonskrav

Skulefagleg utdanning på høgskulenivå. Leiardanning vil vere ein føremon. Meland kommune ønskjer ein leiar som:

- evner å involvere, utfordre, støtte og stille krav til medarbeidarane
- ønskjer å utvikle ein skule for framtida
- har forståing for samfunnsoppdraget og evne til heilskapstenkning og omdømebygging
- kan jobbe systematisk med kvalitetsarbeid, med vekt på dokumentasjon og gode rutinar

### Vi tilbyr

Ei spennande leiastilling i ein kommune i vekst.

Godt og utviklande samarbeid med skulefagleg rådgjevar og dei andre rektorane

Løn etter avtale og god pensjonsordning.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrar i stillinga.

Søknadsfrist 25.02.2018

Utllyst dato 07.02.2018

Vårref

5/18

### Kontaktperson

Martin W Kulild, Rådmann, tlf: 56171030, mobil: 46414800, martin.w.kulild@meland.kommune.no

Kari Anne Iversen, Personal- og organisasjonssjef, tlf: 56171031, mobil: 988 19 438, kari.anne.iversen@meland.kommune.no